

**DELEGERT KOMMISJONSFORORDNING (EU) 2021/340****2024/EØS/28/105****av 17. desember 2020****om endring av delegert kommisjonsforordning (EU) 2019/2013, (EU) 2019/2014, (EU) 2019/2015, (EU) 2019/2016, (EU) 2019/2017 og (EU) 2019/2018 med omsyn til krav til energimerking av elektroniske skjermar, hushaldsvaskemaskiner og kombinerte hushaldsvaskemaskiner/-tørketromlar, lyskjelder, kjøle-/fryseapparat, hushaldsoppvaskmaskiner og kjøle-/fryseapparat til bruk ved direktesal(\*)**

EUROPAKOMMISJONEN HAR

med tilvising til traktaten om verkemåten til Den europeiske unionen,

med tilvising til europaparlaments- og rådsforordning (EU) 2017/1369 av 4. juli 2017 om fastsetjing av ei ramme for energimerking og om oppheving av direktiv 2010/30/EU<sup>(1)</sup>, særleg artikkel 11 nr. 5 og artikkel 16, og

ut frå desse synsmåttane:

- 1) Ved forordning (EU) 2017/1369 får Kommisjonen fullmakt til å vedta delegerte rettsakter.
- 2) Ved delegert kommisjonsforordning (EU) 2019/2013<sup>(2)</sup>, (EU) 2019/2014<sup>(3)</sup>, (EU) 2019/2015<sup>(4)</sup>, (EU) 2019/2016<sup>(5)</sup>, (EU) 2019/2017<sup>(6)</sup> og (EU) 2019/2018<sup>(7)</sup> (heretter kalla «dei endra forordningane») er det fastsett føresegner om energimerking av elektroniske skjermar, hushaldsvaskemaskiner og kombinerte hushaldsvaskemaskiner/-tørketromlar, lyskjelder, kjøle-/fryseapparat, hushaldsoppvaskmaskiner og kjøle-/fryseapparat til bruk ved direktesal.
- 3) For å unngå forvirring blant produsentar og nasjonale marknadstilsynsstyresmakter om kva verdiar som skal takast med i den tekniske dokumentasjonen som vert lagd inn i produkt databasen, og når det gjeld verifiseringstoleransar, bør det leggjast til ein definisjon av omgrepet «oppgejevne verdiar».

(\*) Denne unionsrettsakten, kunngjort i EUT L 68 av 26.2.2021, s. 62, er omhandlet i EØS-komiteens beslutning nr. 348/2021 av 10. desember 2021 om endring av EØS-avtalens vedlegg II (Tekniske forskrifter, standarder, prøving og sertifisering) og vedlegg IV (Energi), ennå ikke kunngjort.

(1) TEU L 198 av 28.7.2017, s. 1.

(2) Delegert kommisjonsforordning (EU) 2019/2013 av 11. mars 2019 om utfylling av europaparlaments- og rådsforordning (EU) 2017/1369 med omsyn til energimerking av elektroniske skjermar og om oppheving av delegert kommisjonsforordning (EU) nr. 1062/2010 (TEU L 315 av 5.12.2019, s. 1).

(3) Delegert kommisjonsforordning (EU) 2019/2014 av 11. mars 2019 om utfylling av europaparlaments- og rådsforordning (EU) 2017/1369 med omsyn til energimerking av hushaldsvaskemaskiner og kombinerte hushaldsvaskemaskiner/-tørketromlar og om oppheving av delegert kommisjonsforordning (EU) nr. 1061/2010 og kommisjonsdirektiv 96/60/EF (TEU L 315 av 5.12.2019, s. 29).

(4) Delegert kommisjonsforordning (EU) 2019/2015 av 11. mars 2019 om utfylling av europaparlaments- og rådsforordning (EU) 2017/1369 med omsyn til energimerking av lyskjelder og om oppheving av delegert kommisjonsforordning (EU) nr. 874/2012 (TEU L 315 av 5.12.2019, s. 68).

(5) Delegert kommisjonsforordning (EU) 2019/2016 av 11. mars 2019 om utfylling av europaparlaments- og rådsforordning (EU) 2017/1369 med omsyn til energimerking av kjøle-/fryseapparat og om oppheving av delegert kommisjonsforordning (EU) nr. 1060/2010 (TEU L 315 av 5.12.2019, s. 102).

(6) Delegert kommisjonsforordning (EU) 2019/2017 av 11. mars 2019 om utfylling av europaparlaments- og rådsforordning (EU) 2017/1369 med omsyn til energimerking av hushaldsoppvaskmaskiner og om oppheving av delegert kommisjonsforordning (EU) nr. 1059/2010 (TEU L 315 av 5.12.2019, s. 134).

(7) Delegert kommisjonsforordning (EU) 2019/2018 av 11. mars 2019 om utfylling av europaparlaments- og rådsforordning (EU) 2017/1369 med omsyn til energimerking av kjøle-/fryseapparat til bruk ved direktesal (TEU L 315 av 5.12.2019, s. 155).

- 4) Den tekniske dokumentasjonen bør vere tilstrekkeleg til at marknadstilsynsstyresmaktene skal kunne kontrollere dei verdiane som er offentleggjorde på etiketten og i produktdatabladet. I samsvar med artikkel 12 i forordning (EU) 2017/1369 bør dei oppgjevne verdiane for modellen leggast inn i produktbasen.
- 5) Dei relevante produktparametrane bør målast eller reknast ut ved hjelp av pålitelege, nøyaktige og reproduerbare metodar. Desse metodane bør ta omsyn til dei nyaste allment anerkjende målemetodane, medrekna eventuelle harmoniserte standardar som er vedtekne av dei europeiske standardiseringsorganisasjonane som er oppførte i vedlegg I til europaparlaments- og rådsforordning (EU) nr. 1025/2012<sup>(8)</sup>.
- 6) Produkt som inneheld lyskjelder, men der lyskjeldene ikkje kan fjernast for verifisering utan at ei eller fleire av dei vert skadde, bør prøvast som lyskjelder i samband med vurdering og kontroll.
- 7) Det er enno ikkje vorte utarbeidd harmoniserte standardar for elektroniske skjermar, og dei relevante standardane som ligg føre, omfattar ikkje alle dei regulerte parametrane som er naudsynte, særleg når det gjeld høgt dynamikkområde og automatisk lysstyrkeregulering. Fram til dei europeiske standardiseringsorgana vedtek harmoniserte standardar for desse produktgruppene, bør dei overgangsmetodane som er fastsette i denne forordninga, eller andre pålitelege, nøyaktige og reproduerbare metodar som tek omsyn til dei nyaste allment anerkjende metodane, nyttast for å sikre at målingar og utrekningar kan jamførast.
- 8) Vertikale skap med statisk kjøling og ugjennomsiktige lokk er kjøle-/fryseapparat til næringsbruk og er definerte i kommisjonsforordning (EU) 2015/1094<sup>(9)</sup>, og bør difor ikkje omfattast av delegert forordning (EU) 2019/2018.
- 9) Terminologien og prøvingsmetodane i forordning (EU) 2019/2018 er i samsvar med terminologien og prøvingsmetodane som er vedtekne i EN 16901, EN 16902, EN 50597, EN ISO 23953-2 og EN 16838.
- 10) Dei tiltaka som er fastsette i denne forordninga, er drøfta i samrådsforumet og med dei sakkunnige frå medlemsstatane i samsvar med artikkel 14 og 17 i forordning (EU) 2017/1369.
- 11) Delegert forordning (EU) 2019/2013, (EU) 2019/2014, (EU) 2019/2015, (EU) 2019/2016, (EU) 2019/2017 og (EU) 2019/2018 bør difor endrast.

VEDTEKE DENNE FORORDNINGA:

#### *Artikkel 1*

#### **Endringar av delegert forordning (EU) 2019/2013**

I delegert forordning (EU) 2019/2013 vert det gjort følgjande endringar:

- 1) I artikkel 1 nr. 2 skal bokstav g) lyde:

«g) Elektroniske skjermar som er delar eller deleiningar slik det er definert i artikkel 2 nr. 2 i direktiv 2009/125/EF.»

<sup>(8)</sup> Europaparlaments- og rådsforordning (EU) nr. 1025/2012 av 25. oktober 2012 om europeisk standardisering og om endring av rådsdirektiv 89/686/EØF og 93/15/EØF samt europaparlaments- og rådsdirektiv 94/9/EF, 94/25/EF, 95/16/EF, 97/23/EF, 98/34/EF, 2004/22/EF, 2007/23/EF, 2009/23/EF og 2009/105/EF og om oppheving av rådsvedtak 87/95/EØF og europaparlaments- og rådsbeslutning nr. 1673/2006/EF (TEU L 316 av 14.11.2012, s. 12).

<sup>(9)</sup> Delegert kommisjonsforordning (EU) 2015/1094 av 5. mai 2015 om utfylling av europaparlaments- og rådsdirektiv 2010/30/EU når det gjelder energimerking av kjøle-/fryseskap til næringsbruk (TEU L 177 av 8.7.2015, s. 2).

2) I artikkel 2 vert det gjort følgjande endringar:

a) Nr. 10 skal lyde:

«10) «HiNA» (*High Network Availability*) god nettverkstilgang slik det er definert i artikkel 2 i kommisjonsforordning (EF) nr. 1275/2008(\*),

---

(\* ) Kommisjonsforordning (EF) nr. 1275/2008 av 17. desember 2008 om gjennomføring av europaparlaments- og rådsdirektiv 2005/32/EF når det gjelder krav til miljøvennlig utforming av elektriske og elektroniske husholdningsapparater og kontorutstyr med hensyn til effektforbruk i hviletilstand og avslått tilstand (TEU L 339 av 18.12.2008, s. 45).»

b) Nr. 17 går ut.

3) I artikkel 3 nr. 1 skal bokstav b) lyde:

«b) Dei parameterverdiane som er oppførte i produktdatabladet, jf. vedlegg V, vert lagde inn i den offentlege delen av produktbasen.»

4) Vedlegg I, II, III, IV, V, VI og IX vert endra slik det er fastsett i vedlegg I til denne forordninga.

#### *Artikkel 2*

#### **Endringar av delegert forordning (EU) 2019/2014**

I delegert forordning (EU) 2019/2014 vert det gjort følgjande endringar:

1) I artikkel 3 nr. 1 skal bokstav b) lyde:

«b) Dei parameterverdiane som er oppførte i produktdatabladet, jf. vedlegg V, vert lagde inn i den offentlege delen av produktbasen.»

2) Vedlegg I, IV, V, VI, VIII, IX og X vert endra slik det er fastsett i vedlegg II til denne forordninga.

#### *Artikkel 3*

#### **Endringar av delegert forordning (EU) 2019/2015**

I delegert forordning (EU) 2019/2015 vert det gjort følgjande endringar:

1) I artikkel 2 skal nr. 3) lyde:

«3) «samansett produkt» eit produkt som inneheld ei eller fleire lyskjelder eller separat forkoplingsutstyr, eller begge delar, medrekna, men ikkje avgrensa til, lysarmaturar som kan takast frå kvarandre slik at lyskjeldene som inngår i dei, og lyskjeldene i hushaldsapparat og i møblar (hyller, speglar, vitrineskap), kan verifiserast separat.»

2) I artikkel 3 vert det gjort følgjande endringar:

a) I nr. 1 skal bokstav b) lyde:

«b) Dei parameterverdiane som er oppførte i produktdatabladet, jf. vedlegg V, vert lagde inn i den offentlege delen av produktbasen.»

b) I nr. 1 skal bokstav i) lyde:

«i) Som unntak frå artikkel 11 nr. 13 bokstav b) i forordning (EU) 2017/1369 vert det, dersom forhandlaren ber om det og i samsvar med artikkel 4 bokstav e), levert prenta etikettar til reskalering av produkt i form av ein sjølvheftande etikett med same storleik som den eksisterande etiketten.»

c) Nytt nr. 1a skal lyde:

«1a. Som unntak frå artikkel 11 nr. 13 bokstav a) i forordning (EU) 2017/1369 skal leverandøren, når han bringar ei lyskjelde i omsetning, syte for å utstyre produktet med den eksisterande etiketten fram til 31. august 2021 og med den reskalerte etiketten frå 1. september 2021. Leverandøren kan velje å utstyre lyskjelder som vert bringa i omsetning i perioden 1. juli–31. august 2021, med den reskalerte etiketten dersom ingen lyskjelder av same eller tilsvarande modell vert bringa i omsetning før 1. juli 2021. I dette tilfellet skal forhandlaren ikkje tilby desse lyskjeldene for sal før 1. september 2021. Leverandøren skal snarast mogleg melde frå om dette til den forhandlaren det gjeld, òg når leverandøren tek med slike lyskjelder i sine tilbod til forhandlarane.»

3) I artikkel 4 skal bokstav e) lyde:

«e) Som unntak frå artikkel 11 nr. 13 i forordning (EU) 2017/1369 vert eksisterande etikettar på lyskjelder på utsalsstadane bytte ut med reskalerte etikettar slik at dei dekkjer over den eksisterande etiketten, òg når han er prenta på eller festa til emballasjen, seinast 18 månader etter datoen då denne forordninga har teke til å gjelde, og reskalerte etikettar vert ikkje viste før denne datoen.»

4) I artikkel 10 skal siste leddet lyde:

«Ho skal nyttast frå 1. september 2021. Artikkel 3 nr. 1 bokstav b) skal derimot nyttast frå 1. mai 2021, og artikkel 3 nr. 2 bokstav a) skal nyttast frå 1. mars 2022.»

5) Vedlegg I, III, IV, V, VI og IX vert endra slik det er fastsett i vedlegg III til denne forordninga.

#### *Artikkel 4*

### **Endringar av delegert forordning (EU) 2019/2016**

I delegert forordning (EU) 2019/2016 vert det gjort følgjande endringar:

1) I artikkel 2 skal nr. 31) lyde:

«31) «mobilt kjøle-/fryseapparat» eit kjøle-/fryseapparat som kan nyttast på stadar der det ikkje er tilgang til straumnett, og som nyttar elektrisitet med ekstra låg spenning (< 120 V DC) eller drivstoff, eller begge delar, som energikjelde til kjøle-/frysefunksjonen, medrekna kjøle-/fryseapparat som i tillegg til å kunne drivast med elektrisitet med ekstra låg spenning eller med drivstoff, òg kan drivast med nettstraum via ein ekstern AC/DC-omformar som vert innkjøpt separat. Eit apparat som vert bringa i omsetning med AC/DC-omformar, er ikkje eit mobilt kjøle-/fryseapparat.»

2) I artikkel 3 nr. 1 skal bokstav b) lyde:

«b) Dei parameterverdiane som er oppførte i produktdatabladet, jf. vedlegg V, vert lagde inn i den offentlege delen av produktdatabasen.»

3) I artikkel 11 skal siste leddet lyde:

«Ho skal nyttast frå 1. mars 2021. Artikkel 10 skal derimot nyttast frå 25. desember 2019, artikkel 3 nr. 1 bokstav a), b) og c) skal nyttast frå 1. november 2020, og plikta til å opplyse om energieffektivitetsklasse for lyskjeldeparametrane som er nemnde i tabell 6 i vedlegg V, skal gjelde frå 1. mars 2022.»

4) Vedlegg I, II, IV, V, VI og IX vert endra slik det er fastsett i vedlegg IV til denne forordninga.

#### *Artikkel 5*

### **Endringar av delegert forordning (EU) 2019/2017**

I delegert forordning (EU) 2019/2017 vert det gjort følgjande endringar:

1) I artikkel 3 nr. 1 skal bokstav b) lyde:

«b) Dei parameterverdiane som er oppførte i produktdatabladet, jf. vedlegg V, vert lagde inn i den offentlege delen av produktdatabasen.»

2) Vedlegg I, II, IV, V, VI og IX vert endra slik det er fastsett i vedlegg V til denne forordninga.

*Artikkel 6***Endringar av delebert forordning (EU) 2019/2018**

I delebert forordning (EU) 2019/2018 vert det gjort følgjande endringar:

1) I artikkel 1 nr. 2 skal bokstav j) lyde:

«j) hjørneskap / avrunda skap og karusellskap,»

2) I artikkel 2 vert det gjort følgjande endringar:

a) Nr. 15 skal lyde:

«15. «hjørneskap / avrunda skap» eit kjøle-/fryseapparat til bruk ved direktesal som vert nytta for å få geometrisk kontinuitet mellom to rette skap som står i vinkel mot kvarandre og/eller dannar ei avrunding. Eit hjørneskap / avrunda skap har ingen eintydig lengdeakse eller lengd, ettersom det berre utgjer ei utfyllande form (kile eller liknande) og ikkje er utforma for å fungere som ei frittstående kjøleining. Dei to ytterpunktane til hjørneskapet / det avrunda skapet er skråstilte i ein vinkel på mellom 30° og 90°,»

b) Nytt nr. 25 skal lyde:

«25. «karusellskap» eit rundt/sirkelforma skap til daglegvarebutikkar som kan installerast som ei frittstående eining eller som ei utfyllingseining mellom to rette skap til daglegvarebutikkar. Karusellskap kan òg utstyrast med eit dreiesystem på 360° som gjer at næringsmiddel kan visast i alle retningar,»

c) Nytt nr. 26 skal lyde:

«26. «skap til daglegvarebutikkar» eit kjøle-/fryseapparat til bruk ved direktesal som er meint for sal og vising av næringsmiddel og andre artiklar i detaljhandel, til dømes i daglegvarebutikkar. Drikkekjølarar, salsautomatar med kjølefunksjon, serveringsdiskar for iskrem og iskemfrysarar vert ikkje rekna som skap til daglegvarebutikkar.»

3) I artikkel 3 nr. 1 skal bokstav b) lyde:

«b) Dei parameterverdiane som er oppførte i produktdatabladet, jf. vedlegg V, vert lagde inn i den offentlege delen av produktdatabasen.»

4) I artikkel 9 skal siste leddet lyde:

«Ho skal nyttast frå 1. mars 2021, bortsett frå plikta til å opplyse om energieffektivitetsklasse for lyskjeldeparametrane som er nemnde i tabell 10 del 5 i vedlegg V, som skal gjelde frå 1. mars 2022.»

5) Vedlegg I, III, IV, V, VI og IX vert endra slik det er fastsett i vedlegg VI til denne forordninga.

*Artikkel 7***Ikraftsetjing og bruk**

Denne forordninga trer i kraft tredje dagen etter at ho er kunngjord i *Tidend for Den europeiske unionen*.

Artikkel 1 nr. 4, artikkel 2 nr. 2, artikkel 4 nr. 4, artikkel 5 nr. 2 og artikkel 6 nr. 5 skal nyttast frå 1. mai 2021. Artikkel 3 nr. 2 bokstav a) skal nyttast frå 1. mai 2021. Artikkel 3 nr. 2 bokstav c) skal nyttast frå 1. juli 2021. Artikkel 3 nr. 1, artikkel 3 nr. 2 bokstav b), artikkel 3 nr. 3 og artikkel 3 nr. 5 skal nyttast frå 1. september 2021.

Denne forordninga er bindande i alle delar og gjeld direkte i alle medlemsstatane.

Utfjerda i Brussel 17. desember 2020.

*For Kommisjonen*  
Ursula VON DER LEYEN  
*President*

## VEDLEGG I

I vedlegg I, II, III, IV, V, VI og IX til delebert forordning (EU) 2019/2013 vert det gjort følgjande endringar:

1) I vedlegg I skal nytt nr. 29 og 30 lyde:

«29) *Oppgjevne verdier*: Verdiane for dei framlagde, utrekna eller målte tekniske parametrane som leverandøren har opplyst om, i medhald av artikkel 3 nr. 3 i forordning (EU) 2017/1369 og i samsvar med artikkel 3 nr. 1 bokstav d) og vedlegg VI til denne forordninga, slik at styresmaktene i medlemsstatane kan verifisere at krava til samsvar er oppfylte.

30) *Garanti*: Ei forplikting som detaljisten eller leverandøren har overfor forbrukaren til å

a) refundere kjøpesummen, eller

b) byte ut, reparere eller på annan måte handtere dei elektroniske skjermene dersom dei ikkje svarar til spesifikasjonane i garantifråsegna eller i den relevante reklamen.»

2) På slutten av avsnitt B i vedlegg II vert følgjande ledd sett inn:

«Dei oppgjevne verdiane for effekten i påslått tilstand ( $P_{measured}$ ) og skjermvissingsområdet (A), slik det er oppført i tabell 5 i vedlegg VI, skal nyttast ved utrekninga av EEL.»

3) I vedlegg III del 2 vert følgjande ledd sett inn på slutten av bokstav f) nr. 10:

«Dersom den elektroniske skjermen ikkje støttar HDR, vert ikkje HDR-piktogrammet og bokstavane for energieffektivitetsklasse vist. Piktogrammet for skjerm, som viser storleiken og oppløysinga til skjermen, skal vere vertikalt midtstilt i området nedanfor verdien for energiforbruk.»

4) I vedlegg IV vert det gjort følgjande endringar:

a) Nytt andre ledd skal lyde:

«Dersom det ikkje ligg føre relevante standardar, og fram til tilvisingane til dei relevante harmoniserte standardane vert offentleggjorde i *Tidend for Den europeiske unionen*, skal dei overgangsmetodane for prøving som er fastsette i vedlegg IIIa til kommisjonsforordning (EU) 2019/2021 om fastsetjing av krav til miljøvenleg utforming av elektroniske skjermar, eller andre pålitelege, nøyaktige og reproduerbare metodar som tek omsyn til dei nyaste allment anerkjende metodane, nyttast.»

b) På slutten av vedlegget vert følgjande tekst sett inn:

«Målingar av standard dynamikkområde, høgt dynamikkområde, skjerm luminans for automatisk lysstyrkeregulering, maksimal kvit luminans og andre luminansmålingar skal utførast slik det er gjort greie for i vedlegg III tabell 3a i kommisjonsforordning (EU) 2019/2021.»

5) I vedlegg V skal tabell 4 lyde:

	«Parameter	Parameterv verdi og presisering	Eining	Merknader
1.	Namnet eller varemerket til leverandøren <sup>(2)</sup> <sup>(3)</sup>		TEKST	
	Adressa til leverandøren <sup>(2)</sup> <sup>(3)</sup> <sup>(4)</sup>			Opplysningar frå registreringa til leverandøren i produktbasen.
2.	Modellnemning <sup>(2)</sup>		TEKST	
3.	Energieffektivitetsklasse for standard dynamikkområde (SDR)	[A/B/C/D/E/F/G]		
4.	Effektbehov i påslått tilstand for standard dynamikkområde (SDR)	X,X	W	Avrunda til éin desimal for effektforbruk under 100 W, og avrunda til første heiltal for effektforbruk frå og med 100 W.

5.	Energieffektivitetsklasse (HDR)	[A/B/C/D/E/F/G] eller ikkje relevant				Dersom produkt databasen automatisk genererer det endelege innhaldet i denne cella, skal leverandøren ikkje leggje inn slike data. Verdien er sett til «ikkje relevant» dersom HDR ikkje finst.
6.	Effektbehov i påslått tilstand for høgt dynamikkområde (HDR), dersom det finst		X,X	W		Avrunda til éin desimal for effektforbruk under 100 W, og avrunda til første heiltal for effektforbruk over 100 W (verdien er sett til 0 (null) ved «ikkje relevant»).
7.	Effektbehov i avslått tilstand, dersom det er relevant		X,X	W		
8.	Effektbehov i kviletilstand, dersom det er relevant		X,X	W		
9.	Effektbehov i nettverkstilkopla kviletilstand, dersom det er relevant		X,X	W		
10.	Type elektronisk skjerm	[fjernsynsskjerm/dataskjerm/informasjonskjerm/annan]				Éin type skal veljast.
11.	Storleik (høgd–breidd)	X	:	Y	heiltal	T.d. 16:9, 21:9 osv.
12.	Skjermopløysing	X	×	Y	pikslar	Horisontale og vertikale pikslar
13.	Skjermdiagonal		X,X	cm		Avrunda til éin desimal.
14.	Skjermdiagonal		X	tommar		Valfritt, i tommar avrunda til nærmaste heiltal.
15.	Synleg skjermareal		X,X	dm <sup>2</sup>		Avrunda til éin desimal.
16.	Skjermteknologi som er nytta	TEKST				T.d. LCD/LED LCD/QLED LCD/OLED/MicroLED/QDLED/SED/FED/EPD osv.
17.	Automatisk lysstyrkeregulering (ABC) tilgjengeleg	[JA/NEI]				Må vere aktivert som standard (dersom JA).
18.	Sensor for røystattkjenning tilgjengeleg	[JA/NEI]				
19.	Nærværssensor tilgjengeleg	[JA/NEI]				Må vere aktivert som standard (dersom JA).
20.	Frekvens for biletoppdatering (standard)		X	Hz		

21.	Garantert minstetilgang til programvare- og fastvareoppdateringar (frå datoen då produktet ikkje lenger vert bringa i omsetning <sup>(2)</sup> <sup>(3)</sup> )		X	År	Slik det er oppført i avsnitt E nr. 1 i vedlegg II til kommisjonsforordning (EU) 2019/2021 <sup>(1)</sup>
22.	Garantert minstetilgang til reservedelar (frå datoen då produktet ikkje lenger vert bringa i omsetning <sup>(2)</sup> <sup>(3)</sup> )		X	År	Slik det er oppført i avsnitt E nr. 1 i vedlegg II til kommisjonsforordning (EU) 2019/2021
23.	Garantert minstetilgang til produktstøtte <sup>(2)</sup> <sup>(3)</sup>		X	År	Slik det er oppført i avsnitt E nr. 1 i vedlegg II til kommisjonsforordning (EU) 2019/2021
	Minstelengd på den generelle garantien som leverandøren tilbyr <sup>(2)</sup> <sup>(3)</sup>		X	År	
24.	Type straumforsyning	Intern/ekstern/standardisert ekstern			Éin type skal veljast.
25.	Ekstern straumforsyning (ikkje-standardisert og inkludert i produktpakken)				
	<i>i</i>			TEKST	Beskriving
	<i>ii</i>	Inngangsspenning	X	V	
	<i>iii</i>	Utgangsspenning	X,X	V	
26.	Standardisert ekstern straumforsyning (eller eigna straumforsyning, dersom det ikkje er inkludert i produktpakken)				
	<i>i</i>	Relevant standard (ein eller fleire)		TEKST	
	<i>ii</i>	Påkravd utgangsspenning	X,X	V	
	<i>iii</i>	Påkravd utgåande straumstyrke (minimum)	X,X	A	
	<i>iv)</i>	Påkravd straumfrekvens	XX	Hz	

(1) Kommissjonsforordning (EU) 2019/2021 av 1. oktober 2019 om fastsettelse av krav til miljøvennlig utforming av elektroniske skjermer i samsvar med europaparlaments- og rådsdirektiv 2009/125/EF, om endring av kommisjonsforordning (EF) nr. 1275/2008, og om oppheving av kommisjonsforordning (EF) nr. 642/2009 (TEU L 315 av 5.12.2019, s. 241).

(2) Denne opplysninga skal ikkje reknast som relevant i samband med artikkel 2 nr. 6 i forordning (EU) 2017/1369.

(3) Endringar i denne opplysninga skal ikkje reknast som relevante i samband med artikkel 4 nr. 4 i forordning (EU) 2017/1369.

(4) Leverandøren skal ikkje leggje inn slike data for kvar modell dersom dei kan hentast automatisk frå databasen.»



6) I vedlegg VI vert det gjort følgjande endringar:

a) Nr. 1)–5) skal lyde:

- «1) Ei generell beskriving av modellen som gjer det mogleg å identifisere han på ein enkel og eintydig måte.
- 2) Tilvisingar til dei harmoniserte standardane eller andre målestandardar som er nytta.
- 3) Særlege førebyggjande tiltak som skal gjerast når modellen vert montert, installert, halden ved like eller prøvd.
- 4) Verdiane for dei tekniske parametrane som er fastsette i tabell 5. Desse verdiane vert rekna som dei oppgjevne verdiane i samband med verifiseringsprosedyren i vedlegg IX.
- 5) Dei nærmare opplysningane om og resultatata av dei utrekningane som er gjorde i samsvar med vedlegg IV.
- 6) Prøvingstilhøve, dersom dette ikkje er tilstrekkeleg gjort greie for i nr. 2).
- 7) Eventuelle tilsvarande modellar, medrekna modellnemningar.

Desse opplysningane skal òg utgjere dei obligatoriske spesifikke delane av den tekniske dokumentasjonen som leverandøren skal leggje inn i databasen, i medhald av artikkel 12 nr. 5 i forordning (EU) 2017/1369.»

b) Tabell 5 skal lyde:

«Tabell 5

**Tekniske parametarar for modellen, og oppgjevne verdiar**

	Parameter	Parameterverdi og presisering			Eining	Oppgjeven verdi
<b>Generelt</b>						
1	Namnet eller varemerket til leverandøren	TEKST				
2	Modellnemning	TEKST				
3	Energieffektivitetsklasse for standard dynamikkområde (SDR)	[A/B/C/D/E/F/G]			A–G	
4	Effektbehov i påslått tilstand for standard dynamikkområde (SDR)	XXX,X			W	
5	Energieffektivitetsklasse for høgt dynamikkområde (HDR), dersom det finst	[A/B/C/D/E/F/G] eller ikkje relevant			A–G	
6	Effektbehov i påslått tilstand for høgt dynamikkområde (HDR)	XXX,X			W	
7	Effektbehov i avslått tilstand	X,X			W	
8	Effektbehov i kviletilstand	X,X			W	
9	Effektbehov i nettverkstilkopla kviletilstand	X,X			W	
10	Type elektronisk skjerm	[fjernsynsskjerm/dataskjerm/informasjonskjerm/annan]			TEKST	
11	Storleik (høgd–breidd)	XX	:	XX		
12	Skjermopløysing (pikslar)	X	×	X		
13	Skjermdiagonal	XXX,X			cm	
14	Skjermdiagonal	XX			tommar	
15	Synleg skjermareal	XXX,X			dm <sup>2</sup>	

16	Skjermteknologi som er nytta	TEKST		
17	Automatisk lysstyrkeregulering (ABC) tilgjengeleg	[JA/NEI]		
18	Sensor for røystattkjenning tilgjengeleg	[JA/NEI]		
19	Nærværssensor tilgjengeleg	[JA/NEI]		
20	Frekvens for biletoppdatering (standardkonfigurering)	XXX	Hz	
21	Garantert minstetilgang til programvare- og fastvareoppdateringar (frå datoen då produktet ikkje lenger vert bringa i omsetning, slik det er oppført i avsnitt E nr. 1 i vedlegg II til kommisjonsforordning (EU) 2019/2021)	XX	År	
22	Garantert minstetilgang til reservedelar (frå datoen då produktet ikkje lenger vert bringa i omsetning, slik det er oppført i avsnitt E nr. 1 i vedlegg II til kommisjonsforordning (EU) 2019/2021)	XX	År	
23	Garantert minstetilgang til produktstøtte (frå datoen då produktet ikkje lenger vert bringa i omsetning, slik det er fastsett i avsnitt E nr. 1 i vedlegg II til kommisjonsforordning (EU) 2019/2021)	XX	År	
	Minstelengd på den generelle garantien som leverandøren tilbyr	XX	År	

**For påslått tilstand**

24	Maksimal kvit luminans ved konfigurasjonen for maksimal lysstyrke i påslått tilstand	XXXX	cd/m <sup>2</sup>	
25	Maksimal kvit luminans i normalkonfigurasjonen	XXXX	cd/m <sup>2</sup>	
26	Luminanstilhøvet for heilt kvitt (utrekna som verdien for «maksimal kvit luminans i normalkonfigurasjonen» dividert med verdien for «maksimal kvit luminans ved konfigurasjonen for maksimal lysstyrke i påslått tilstand» multiplisert med 100)	XX,X	%	

**For automatisk sløkkjetilstand (APD)**

27	Tidslengda i påslått tilstand før den elektroniske skjermen automatisk slår over i kviletilstand, avslått tilstand eller ein annan tilstand som ikkje overskrider dei gjeldande krava til effektbehov i avslått tilstand eller kviletilstand.	XX:XX	mm:ss	
----	---	-------	-------	--

28	For fjernsynsskjermer: tidslengda frå siste samhandling med brukaren til apparatet automatisk går over til kviletilstand, avslått tilstand eller ein annan tilstand som ikkje overskrider dei gjeldande krava til effektforbruk i avslått tilstand eller kviletilstand	XX:XX	mm:ss	
29	For fjernsynsskjermer med nærværssensor: tidslengda då det ikkje vert registrert nærvær, før apparatet automatisk går over til kviletilstand, avslått tilstand eller ein annan tilstand som ikkje overskrider dei gjeldande krava til effektbehov i avslått tilstand eller kviletilstand	XX:XX	mm:ss	
30	For andre elektroniske skjermer enn fjernsynsskjermer og skjermer til kringkastingsføremål: tida frå siste samhandling med brukaren til apparatet automatisk går over til kviletilstand, avslått tilstand eller ein annan tilstand som ikkje overskrider dei gjeldande krava til effektforbruk i avslått tilstand eller kviletilstand	XX:XX	mm:ss	

#### For automatisk lysstyrkeregulering (ABC)

Dersom det finst tilgjengeleg og vert aktivert som standard

31	Prosentvis effektreduksjon som følgje av at den automatiske lysstyrkereguleringa reagerer på at omgjevnadslyset endrar seg frå 100 lux til 12 lux	XX,X	%	
32	Effekt i påslått tilstand ved eit omgjevnadslys på 100 lux ved ABC-sensoren	XXX,X	W	
33	Effekt i påslått tilstand ved eit omgjevnadslys på 12 lux ved ABC-sensoren	XXX,X	W	
34	Skjermluminans ved eit omgjevnadslys på 100 lux ved ABC-sensoren(*)	XXX	cd/m <sup>2</sup>	
35	Skjermluminans ved eit omgjevnadslys på 60 lux ved ABC-sensoren(*)	XXX	cd/m <sup>2</sup>	
36	Skjermluminans ved eit omgjevnadslys på 35 lux ved ABC-sensoren(*)	XXX	cd/m <sup>2</sup>	
37	Skjermluminans ved eit omgjevnadslys på 12 lux ved ABC-sensoren(*)	XXX	cd/m <sup>2</sup>	

#### For straumforsyning

38	Type straumforsyning	Intern/ekstern		
39	Standardreferansar (dersom det er relevant)		TEKST	
40	Inngangsspenning	XXX,X	V	

41	Utgangsspenning	XXX,X	V	
42	Inngangsstraum (maks.)	XXX,X	A	
43	Utgangsstraum (min.)	XXX,X	A	

(\*) Parameterverdiane for luminans i samband med automatisk lysstyrkeregulering er rettleiande, og verifiseringa skal gjerast mot dei gjeldande ABC-relaterte krava.»

- c) Nr. 6) vert nytt nr. 9).  
d) Nr. 7) vert nytt nr. 10).  
e) Nr. 8) vert nytt nr. 11).
- 7) I vedlegg IX vert det gjort følgjande endringar:

- a) Første leddet skal lyde:

«Dei verifiseringstoleransane som er definerte i dette vedlegget, gjeld berre for den verifiseringa av oppgjevne verdiar som styresmaktene i medlemsstatane utfører, og skal ikkje nyttast av leverandøren som ein tillaten toleranse ved fastsetjing av verdiane i den tekniske dokumentasjonen eller for å tolke desse verdiane med sikte på å oppnå samsvar, eller for på nokon måte å gje inntrykk av betre prestasjon. Verdiane og klassene som er offentleggjorde på etiketten eller i produktdatabladet, skal ikkje vere gunstigare for leverandøren enn verdiane i den tekniske dokumentasjonen.»

- b) I tredje leddet vert ordlyden «Når styresmaktene i medlemsstatane verifiserer» bytt ut med «Som eit ledd i styresmaktene i medlemsstatane si verifisering av».

- c) Nr. 7) skal lyde:

«7) Styresmaktene i medlemsstatane skal gje styresmaktene i dei andre medlemsstatane og Kommisjonen alle relevante opplysningar straks etter at det i samsvar med nr. 3, nr. 6 eller andre leddet i dette vedlegget er teke avgjerd om at modellen ikkje oppfyller krava.»

- d) Tabell 6 skal lyde:

«Tabell 6

**Verifiseringstoleransar**

Parameter	Verifiseringstoleransar
Effektbehov i påslått tilstand ( $P_{measured}$ , watt)	Den påviste verdien(**) skal ikkje overstige den oppgjevne verdien med meir enn 7 %.
Eventuelt effektbehov i watt for avslått tilstand, kviletilstand og nettverkstilkopla kviletilstand.	Den påviste verdien(**) skal ikkje overstige den oppgjevne verdien med meir enn 0,10 watt dersom den oppgjevne verdien er 1,00 watt eller lågare, eller med meir enn 10 % dersom den oppgjevne verdien er høgare enn 1,00 watt.
Synleg skjermareal	Den påviste verdien(*) skal ikkje liggje meir enn 1 % eller 0,1 dm <sup>2</sup> under den oppgjevne verdien, alt etter kva verdi som er lågast.
Synleg skjermdiagonal i centimeter	Den påviste verdien(*) skal ikkje avvike meir enn 1 cm frå den oppgjevne verdien.
Skjermopløysinga i horisontale og vertikale pikslar	Den påviste verdien(*) skal ikkje avvike frå den oppgjevne verdien.
Maksimal kvit luminans	Den påviste verdien(**) skal ikkje liggje meir enn 8 % under den oppgjevne verdien.
Tidslengda i påslått tilstand før den elektroniske skjermen automatisk slår over i kviletilstand, avslått tilstand eller ein annan tilstand som ikkje overskrider dei gjeldande krava til effektbehov i avslått tilstand eller kviletilstand	Den påviste verdien(*) skal ikkje overstige den oppgjevne verdien med meir enn 5 sekund.

For fjernsynsskjermer: Tidslengda frå siste samhandling med brukaren til apparatet automatisk går over til kviletilstand, avslått tilstand eller ein annan tilstand som ikkje overskrider dei gjeldande krava til effektforbruk i avslått tilstand eller kviletilstand	Den påviste verdien(*) skal ikkje overstige den oppgjevne verdien med meir enn 5 sekund.
For fjernsynsskjermer med nærværssensor: Tidslengda då det ikkje vert registrert nærvær, før apparatet automatisk går over til kviletilstand, avslått tilstand eller ein annan tilstand som ikkje overskrider dei gjeldande krava til effektbehov i avslått tilstand eller kviletilstand	Den påviste verdien(*) skal ikkje overstige den oppgjevne verdien med meir enn 5 sekund.
For andre elektroniske skjermer enn fjernsynsskjermer og skjermer til kringkastingsføremål: Tidslengda då det ikkje vert registrert inndata, før skjermen automatisk går over til kviletilstand, avslått tilstand eller ein annan tilstand som ikkje overskrider dei gjeldande krava til effektforbruk i avslått tilstand eller kviletilstand	Den påviste verdien(*) skal ikkje overstige den oppgjevne verdien med meir enn 5 sekund.
(*) Dersom den påviste verdien for ei einskild eining ikkje oppfyller krava, skal modellen og alle tilsvarende modellar reknast for ikkje å oppfylle krava i denne forordninga.	
(**) Dersom ytterlegare tre einingar vert prøvde, slik det er fastsett i nr. 4, er den påviste verdien det aritmetiske gjennomsnittet av dei verdiane som er påviste for desse tre ytterlegare einingane.»	

## VEDLEGG II

I vedlegg I, IV, V, VI, VIII, IX og X til delegert forordning (EU) 2019/2014 vert det gjort følgjande endringar:

1) I vedlegg I skal nytt nr. 33 lyde:

«33) «oppgeivne verdiar» verdiane for dei framlagde, utrekna eller målte tekniske parametrane som leverandøren har opplyst om, i medhald av artikkel 3 nr. 3 i forordning (EU) 2017/1369 og i samsvar med artikkel 3 nr. 1 bokstav d) og vedlegg VI til denne forordninga, slik at styresmaktene i medlemsstatane kan verifisere at krava til samsvar er oppfylte.»

2) I vedlegg IV vert det gjort følgjande endringar:

a) Etter første leddet skal nytt ledd lyde:

«Dersom ein parameter er oppgjeven i medhald av artikkel 3 nr. 3 i forordning (EU) 2017/1369 og i samsvar med tabell 7 i vedlegg VI for hushaldsvaskemaskiner eller tabell 8 i vedlegg VI for kombinerte hushaldsvaskemaskiner/-tørketromlar, skal leverandøren nytte denne oppgeivne verdien til utrekningane i dette vedlegget.»

b) Nr. 1 skal lyde:

«1. NOMINELL KAPASITET FOR KOMBINERTE HUSHALDSVASKEMASKINER/-TØRKETROMLAR

Den nominelle kapasiteten til kombinerte hushaldsvaskemaskiner/-tørketromlar er den nominelle kapasiteten til vask og tørk-syklusen.

Dersom den kombinerte hushaldsvaskemaskina/-tørketrommelen har ein samanhengande syklus, skal den nominelle kapasiteten til vask og tørk-syklusen vere nominell kapasitet for denne syklusen.

Dersom den kombinerte hushaldsvaskemaskina/-tørketrommelen ikkje har ein samanhengande syklus, skal den nominelle kapasiteten til vask og tørk-syklusen vere den lågaste verdien av nominell vaskekapasitet for eco 40–60-programmet og nominell tørkekapasitet for den tørkesyklusen som gjev skaptørre tekstilar.»

c) Nr. 3 og 4 skal lyde:

«3. VASKEEVNEINDEKS

Vaskeevneindeksen for hushaldsvaskemaskiner og for vaskesyklusen på kombinerte hushaldsvaskemaskiner/-tørketromlar ( $I_w$ ) og vaskeevneindeksen for den komplette syklusen på kombinerte hushaldsvaskemaskiner/-tørketromlar ( $J_w$ ) skal reknast ut ved bruk av harmoniserte standardar der referansenummera er offentleggjorde for dette føremålet i *Tidend for Den europeiske unionen*, eller ved bruk av andre pålitelege, nøyaktige og reproduerbare metodar som tek omsyn til dei nyaste allment anerkjende metodane, og avrundast til tre desimalar.

For hushaldsvaskemaskiner med ein nominell kapasitet på over 3 kg, og for vaskesyklusen til kombinerte hushaldsvaskemaskiner/-tørketromlar med ein nominell kapasitet på over 3 kg, skal verdien  $I_w$  i produktdatabladet vere den lågaste verdien av vaskeevneindeksen ved nominell vaskekapasitet, halv nominell vaskekapasitet og kvart nominell vaskekapasitet.

For hushaldsvaskemaskiner med ein nominell kapasitet på 3 kg eller mindre, og for vaskesyklusen til kombinerte hushaldsvaskemaskiner/-tørketromlar med ein nominell kapasitet på 3 kg eller mindre, skal verdien  $I_w$  i produktdatabladet vere lik vaskeevneindeksen ved nominell vaskekapasitet.

For kombinerte vaskemaskiner/tørketromlar med ein nominell kapasitet på over 3 kg skal verdien  $J_w$  i produktdatabladet vere den lågaste verdien av vaskeevneindeksen ved nominell vaskekapasitet og ved halv nominell vaskekapasitet.

For kombinerte vaskemaskiner/tørketromlar med ein nominell kapasitet på 3 kg eller mindre skal verdien  $J_w$  i produktdatabladet vere vaskeevneindeksen ved nominell vaskekapasitet.

4. SKYLJEEVNE

Skyljeevna til hushaldsvaskemaskiner og til vaskesyklusen på kombinerte hushaldsvaskemaskiner/-tørketromlar ( $I_R$ ) og skyljeevna til den komplette syklusen på kombinerte hushaldsvaskemaskiner/-tørketromlar ( $J_R$ ) skal reknast ut ved bruk av harmoniserte standardar der referansenummera er offentleggjorde for dette føremålet i *Tidend for Den europeiske unionen*, eller ved bruk av andre pålitelege, nøyaktige og reproduerbare metodar som byggjer på påvising av markøren for lineært alkylbensulfonat (LAS), og avrundast til éin desimal.

For hushaldsvaskemaskiner med ein nominell kapasitet på over 3 kg, og for vaskesyklusen til kombinerte hushaldsvaskemaskiner/-tørketromlar med ein nominell kapasitet på over 3 kg, skal verdien  $I_R$  i produktdatabladet vere den høgaste verdien av skyljeevna ved nominell vaskekapasitet, halv nominell vaskekapasitet og kvart nominell vaskekapasitet.

For hushaldsvaskemaskiner med ein nominell kapasitet som er lågare enn eller lik 3 kg, og for vaskesyklusen til kombinerte hushaldsvaskemaskiner/-tørketromlar med ein nominell kapasitet som er lågare enn eller lik 3 kg, skal det ikkje oppgjevast nokon verdi for  $I_R$  i produktdatabladet.

For kombinerte vaskemaskiner/tørketromlar med ein nominell kapasitet på over 3 kg, skal verdien  $J_R$  i produktdatabladet vere den høgaste verdien av skyljeevna ved nominell kapasitet og ved halv nominell kapasitet.

For kombinerte vaskemaskiner/tørketromlar med ein nominell kapasitet som er lågare enn eller lik 3 kg, skal det ikkje oppgjevast nokon verdi for  $J_R$  i produktdatabladet.»

d) I nr. 6 skal første leddet i punkt 2) lyde:

«For kombinerte hushaldsvaskemaskiner/-tørketromlar med ein nominell vaskekapasitet på 3 kg eller mindre er det vektta vassforbruket for vask og tørk-syklusen lik vassforbruket ved nominell kapasitet, avrunda til nærmaste heiltal.»

e) Nr. 7 skal lyde:

«7. RESTFUKTINNHALD

Det vektta restfuktinnhaldet etter vasking ( $D$ ) til ei hushaldsvaskemaskin og til vaskesyklusen på ein kombinert hushaldsvaskemaskin/-tørketrommel vert rekna ut i prosent på følgjande måte og avrunda til éin desimal:

$$D = \left[ A \times D_{full} + B \times D_{1/2} + C \times D_{1/4} \right]$$

der

$D_{full}$  er restfuktinnhaldet for eco 40–60-programmet ved nominell vaskekapasitet, uttrykt i prosent avrunda til to desimalar.

$D_{1/2}$  er restfuktinnhaldet for eco 40–60-programmet ved halv nominell vaskekapasitet, uttrykt i prosent avrunda til to desimalar.

$D_{1/4}$  er restfuktinnhaldet for eco 40–60-programmet ved kvart nominell vaskekapasitet, uttrykt i prosent avrunda til to desimalar.

<b>Levetidsfaktor (for LED og OLED)</b>	10	Minst ni av lyskjeldene i prøvematerialet skal fungere etter at levetidsprøvinga i vedlegg V til forordning (EU) 2019/2020 er utført.
<b>Spektral reinleik [%]</b>	10	Den påviste verdien skal ikkje liggje meir enn 5 % under den oppgjevne verdien.
<b>Korrelert fargetemperatur [K]</b>	10	Den påviste verdien skal ikkje avvike meir enn 10 % frå den oppgjevne verdien.
<b>Maksimal lysstyrke [cd]</b>	10	Den påviste verdien skal ikkje avvike meir enn 25 % frå den oppgjevne verdien.

<sup>(1)</sup> Kommisjonsforordning (EU) 2019/2020 av 1. oktober 2019 om fastsettelse av krav til miljøvennlig utforming av lyskilder og separat forkoplingsutstyr i henhold til europaparlaments- og rådsdirektiv 2009/125/EF, og om oppheving av kommisjonsforordning (EF) nr. 244/2009, (EF) nr. 245/2009 og (EU) nr. 1194/2012 (TEU L 315 av 5.12.2019, s. 209).

For lyskjelder med ei lineær, men svært lang geometrisk utforming som kan tilpassast, til dømes LED-band eller LED-lekkjer, skal marknadsstilsynsstyresmaktene kontrollere ei lengd på 50 cm eller så nær 50 cm som mogleg dersom lyskjelda ikkje kan tilpassast i ei slik lengd. Leverandøren av lyskjelda skal opplyse om kva separat forkoplingsutstyr som er eigna for denne lengda.

Ved verifisering av om eit produkt er ei lyskjelde, skal marknadsstilsynsstyresmaktene jamføre dei målte verdiane for kromatisitetskoordinatane (x og y), lysfluksen, lysflukstettleiken og fargeattgjevingsindeksen direkte med dei grenseverdiane som er fastsette i definisjonen av lyskjelde i artikkel 2 i denne forordninga, utan å nytte toleransar. Dersom ei eller fleire av dei ti einingane i prøva oppfyller vilkåra for å kunne karakteriserast som ei lyskjelde, skal produktmodellen reknast som ei lyskjelde.

Lyskjelder som lèt sluttbrukaren styre, manuelt eller automatisk, direkte eller med fjernstyring, lysstyrken, fargen, den korrelerte fargetemperaturen, spektrumet og/eller utstrålingsvinkelen til lyset som vert emittert, skal evaluerast ved hjelp av referanseinnstillinga.»

## VEDLEGG IV

I vedlegg I, II, IV, V, VI og IX til delegert forordning (EU) 2019/2016 vert det gjort følgjande endringar:

1) I vedlegg I skal nytt nr. 42 lyde:

«42) «oppgjevne verdiar» verdiane for dei framlagde, utrekna eller målte tekniske parametrane som leverandøren har opplyst om, i medhald av artikkel 3 nr. 3 i forordning (EU) 2017/1369 og i samsvar med artikkel 3 nr. 1 bokstav d) og vedlegg VI til denne forordninga, slik at styresmaktene i medlemsstatane kan verifisere at krava til samsvar er oppfylte.»

2) I vedlegg II skal tabell 1 lyde:

«Tabell 1

**Energieffektivitetsklasser for kjøle-/fryseapparat**

Energieffektivitetsklasse	Energieffektivitetsindeks (EEI)
A	$EEI \leq 41$
B	$41 < EEI \leq 51$
C	$51 < EEI \leq 64$
D	$64 < EEI \leq 80$
E	$80 < EEI \leq 100$
F	$100 < EEI \leq 125$
G	$EEI > 125$ »

3) I vedlegg IV nr. 1 vert det gjort følgjande endringar:

a) Etter første leddet skal nytt ledd lyde:

«Dersom ein parameter er oppgjeven i medhald av artikkel 3 nr. 3 i forordning (EU) 2017/1369 og i samsvar med tabell 7 i vedlegg VI, skal leverandøren nytte denne oppgjevne verdien til utrekningane i dette vedlegget.»

b) Bokstav h) og i) skal lyde:

«h) Innfrysingskapasiteten til ei avdeling vert rekna som 24 gonger vekta av ei lett last i denne avdelinga, dividert med den innfrysingstida som er naudsynt for å bringe temperaturen på ei lett last frå +25 til –18 °C ved ein omgjevnadstemperatur på 25 °C, uttrykt i kg/24h og avrunda til éin desimal.

i) For avdelingar som er merkte med fire stjerner, skal den innfrysingstida som er naudsynt for å bringe temperaturen på ei lett last frå +25 til –18 °C ved ein omgjevnadstemperatur på 25 °C, gje ein innfrysingskapasitet som oppfyller krava i vedlegg I nr. 4.»

c) Ny bokstav k) skal lyde:

«k) Vekta av ei lett last for kvar avdeling som er merkt med fire stjerner, skal vere

— 3,5 kg/100 l av volumet til den vurderte avdelinga merkt med fire stjerner, avrunda oppover til nærmaste 0,5 kg, og

— 2 kg for ei avdeling merkt med fire stjerner med eit volum der 3,5 kg/100 l gjev ein verdi som er lågare enn 2 kg.

Dersom kjøle-/fryseapparatet har avdelingar som er merkte med både tre og fire stjerner, skal summen av vekta av den lette lasta aukast, slik at summen av vekta av den lette lasta for alle avdelingar merkte med fire stjerner vert

— 3,5 kg/100 l av det samla volumet til alle avdelingar merkte med fire og tre stjerner, avrunda oppover til nærmaste 0,5 kg, og

— 2 kg for det samla volumet til alle avdelingar merkte med fire og tre stjerner der 3,5 kg/100 l gjev ein verdi som er lågare enn 2 kg.»



4) I vedlegg V skal tabell 6 lyde:

«Tabell 6

**Produktdatablad**

Namnet eller varemerket til leverandøren<sup>(b)</sup> <sup>(d)</sup>:

Adressa til leverandøren<sup>(b)</sup> <sup>(d)</sup>:

Modellnemning<sup>(d)</sup>:

Type kjøle-/fryseapparat:

Støysvakt apparat:	[ja/nei]	Konstruksjonstype:	[Innbygd/frittstående]
Vinskap:	[ja/nei]	Anna kjøle-/fryseapparat:	[ja/nei]

Generelle produktparametrar:

Parameter		Verdi	Parameter	Verdi
Ytre mål (millimeter) <sup>(b)</sup> <sup>(d)</sup>	Høgd	x	Samla volum (dm <sup>3</sup> eller l)	x
	Breidd	x		
	Djupn	x		
EEI	x	Energieffektivitetsklasse	[A/B/C/D/E/F/G] <sup>(c)</sup>	
Utslepp av luftstøy (dB(A) re 1 pW)	x	Klasse for utslepp av luftstøy	[A/B/C/D] <sup>(d)</sup>	
Årleg energiforbruk (kWh/a)	x	Klimaklasse:	[Utvida temperert / temperert / subtropisk / tropisk]	
Minimum omgjevnadstemperatur (°C) som kjøle-/fryseapparatet er eigna for	x <sup>c</sup>	Maksimum omgjevnadstemperatur (°C) som kjøle-/fryseapparatet er eigna for	x <sup>(c)</sup>	
Vinterinnstilling	[ja/nei]			

Avdelingsparametrar:

Avdelingstype	Avdelingsparametrar og -verdiar				
	Avdelingsvolum (dm <sup>3</sup> eller l)	Tilrådd temperaturinnstilling for optimal lagring av næringsmiddel (°C). Desse innstillingane skal ikkje vere i strid med dei lagringstilhøva som er fastsette i tabell 3 i vedlegg IV.	Innfrysingskapasitet (kg/24h)	Avrimingsmetode (automatisk avriming = A, manuell avriming = M)	
Spiskammer	[ja/nei]	x,x	x	-	[A/M]
Vinlagring	[ja/nei]	x,x	x	-	[A/M]

Sval	[ja/nei]	x,x	x	-	[A/M]
Ferskvarer	[ja/nei]	x,x	x	-	[A/M]
Lagring av næringsmiddel som lett vert skjemde	[ja/nei]	x,x	x	-	[A/M]
Utan stjernemerking / framstilling og lagring av is	[ja/nei]	x,x	x	-	[A/M]
Ei stjerne	[ja/nei]	x,x	x	-	[A/M]
To stjerner	[ja/nei]	x,x	x	-	[A/M]
Tre stjerner	[ja/nei]	x,x	x	-	[A/M]
Fire stjerner	[ja/nei]	x,x	x	x,x	[A/M]
Seksjon merkt med to stjerner	[ja/nei]	x,x	x	-	[A/M]
Avdeling med variabel temperatur	Avdelings- typar	x,x	x	x,xx (for avdelingar merkte med fire stjerner) eller -	[A/M]

**For avdelingar merkte med fire stjerner**

Snøggfrysingsfunksjon	[ja/nei]
-----------------------	----------

**For venskap**

Antal vinflasker med standardstorleik	x
---------------------------------------	---

**Lyskjeldeparametrar<sup>(a)</sup> <sup>(b)</sup>:**

Type lyskjelde	[Lysgjevingsteknologi]
Energieffektivitetsklasse	[A/B/C/D/E/F/G]

**Minstelengd på garantien som produsenten tilbyr<sup>(b)</sup> <sup>(d)</sup>:****Ytterlegare informasjon<sup>(b)</sup> <sup>(d)</sup>:**

Lenkje til nettstaden til leverandøren, som inneheld den informasjonen som er omtala i nr. 4 i vedlegg II til kommisjonsforordning (EU) 2019/2019<sup>(2)</sup>:

<sup>(a)</sup> Som fastsett i samsvar med delegert kommisjonsforordning (EU) 2019/2015<sup>(2)</sup>.

<sup>(b)</sup> Endringar i denne opplysninga skal ikkje reknast som relevante i samband med artikkel 4 nr. 4 i forordning (EU) 2017/1369.

<sup>(c)</sup> Dersom produkt databasen automatisk genererer det endelege innhaldet i denne cella, skal leverandøren ikkje leggje inn slike data.

<sup>(d)</sup> Denne opplysninga skal ikkje reknast som relevant i samband med artikkel 2 nr. 6 i forordning (EU) 2017/1369.

<sup>(1)</sup> Delegert kommisjonsforordning (EU) 2019/2015 av 11. mars 2019 om utfylling av europaparlaments- og rådsforordning (EU) 2017/1369 med omsyn til energimerking av lyskjelder og om oppheving av delegert kommisjonsforordning (EU) nr. 874/2012 (TEU L 68 av 26.2.2021, s. 68).

<sup>(2)</sup> Kommisjonsforordning (EU) 2019/2019 av 1. oktober 2019 om fastsettelse av krav til miljøvennlig utforming av kjøle-/fryseapparater i henhold til europaparlaments- og rådsdirektiv 2009/125/EF, og om endring av kommisjonsforordning (EF) nr. 643/2009 (TEU L 68 av 26.2.2021, s. 187).»

5) I vedlegg VI skal nr. 1 lyde:

«1. Den tekniske dokumentasjonen som er nemnd i artikkel 3 nr. 1 bokstav d), skal innehalde følgjande:

- a) Ei generell beskriving av modellen som gjer det mogleg å identifisere han på ein enkel og eintydig måte.
- b) Tilvisingar til dei harmoniserte standardane eller andre målestandardar som er nytta.

- c) Særlege førebyggjande tiltak som skal gjerast når modellen vert montert, installert, halden ved like eller prøvd.
- d) Verdiane for dei tekniske parametranne som er fastsette i tabell 7. Desse verdiane vert rekna som dei oppgjevne verdiane i samband med verifiseringsprosedyren i vedlegg IX.
- e) Dei nærmare opplysningane om og resultatata av utrekningar som er gjorde i samsvar med vedlegg IV.
- f) Prøvingstilhøve, dersom dette ikkje er tilstrekkeleg gjort greie for i bokstav b).
- g) Eventuelle tilsvarande modellar, medrekna modellnemningar.

Desse opplysningane skal òg utgjere dei obligatoriske spesifikke delane av den tekniske dokumentasjonen som leverandøren skal leggje inn i databasen, i medhald av artikkel 12 nr. 5 i forordning (EU) 2017/1369.

Tabell 7

**Tekniske parametarar for modellen og dei oppgjevne verdiane deira for kjøle-/fryseapparat**

**Ei generell beskriving av kjøle-/fryseapparatmodellen som gjer det mogleg å identifisere han på ein enkel og eintydig måte:**

Produktspesifikasjonar:			
Generelle produktspesifikasjonar:			
Parameter	Verdi	Parameter	Verdi
Årleg energiforbruk (kWh/a)	x,xx	EEI (%)	x,x
Årleg standardenergiforbruk (kWh/a)	x,xx	Kombiparameter	x,xx
Temperaturstigningstid (h)	x,xx	Lastfaktor	x,x
Varmetapsfaktor for dører	x,xxx	Klimaklasse	[Utvida temperert / temperert / subtropisk / tropisk]
Type kondenshindrande varmeelement	[Manuell på-av / omgjevnadsstyrt / anna / ikkje installert]	Utslepp av luftstøy (dB(A) re 1 pW)	x

**Ytterlegare produktspesifikasjonar for kjøle-/fryseapparat, bortsett frå støysvake kjøle-/fryseapparat:**

Parameter	Verdi
Dagleg energiforbruk ved 32 °C (kWh/24h)	x,xxx

**Ytterlegare produktspesifikasjonar for støysvake kjøle-/fryseapparat:**

Parameter	Verdi
Dagleg energiforbruk ved 25 °C (kWh/24h)	x,xxx

**Ytterlegare produktspesifikasjonar for vinskap:**

Parameter	Verdi	Parameter	Verdi
Innvendig fukt (%)	[intervall]	Antal flasker	X

Dersom kjøle-/fryseapparatet inneheld fleire avdelingar av den same typen, skal linjene for desse avdelingane gjentakast. Dersom ein viss avdelingstype ikkje finst, skal verdiane for avdelingsparametrane førast som «-».

### Spesifikasjonar for avdelingar:

Avdelingstype	Avdelingsparametrar og -verdiar							
	Omgjevnadstemperatur (°C)	Avdelingsvolum (dm <sup>3</sup> eller l)	Innfrysingskapasitet (kg/24h)	Termodynamisk parameter ( $r_c$ )	$N_c$	$M_c$	Avrimingsfaktor ( $A_c$ )	Innbyggingfaktor ( $B_c$ )
Spiskammer	+17	x,x	-	0,35	75	0,12	1,00	x,xx
Vinlagring	+12	x,x	-	0,60	75	0,12	1,00	x,xx
Sval	+12	x,x	-	0,60	75	0,12	1,00	x,xx
Ferskvarer	+4	x,x	-	1,00	75	0,12	1,00	x,xx
Lagring av næringsmiddel som lett vert skjemde	+2	x,x	-	1,10	138	0,12	1,00	x,xx
Utan stjernemerking / framstilling og lagring av is	0	x,x	-	1,20	138	0,15	x,xx	x,xx
Ei stjerne	-6	x,x	-	1,50	138	0,15	x,xx	x,xx
To stjerner	-12	x,x	-	1,80	138	0,15	x,xx	x,xx
Tre stjerner	-18	x,x	-	2,10	138	0,15	x,xx	x,xx
Fire stjerner	-18	x,x	x,x	2,10	138	0,15	x,xx	x,xx
Seksjon merkt med to stjerner	-12	x,x	-	2,10	138	0,15	x,xx	x,xx
Avdeling med variabel temperatur	X	x,x	x,xx (for avdelingar merkte med fire stjerner) eller -	x,xx	x	x,xx	x,xx	x,xx
Summen av voluma til avdeling(ar) for næringsmiddel som lett vert skjemde, og avdeling(ar) berre for kjøling [l eller dm <sup>3</sup> ]		x						
Summen av voluma til avdeling(ar) berre for frysing [l eller dm <sup>3</sup> ]		x»						

6) I vedlegg IX vert det gjort følgjande endring:

a) Første leddet skal lyde:

«Dei verifiseringstoleransane som er definerte i dette vedlegget, gjeld berre for den verifiseringa av oppgitte verdiar som styresmaktene i medlemsstatane utfører, og skal ikkje nyttast av leverandøren som ein tillaten toleranse ved fastsetjing av verdiane i den tekniske dokumentasjonen eller for å tolke desse verdiane med sikte på å oppnå samsvar, eller for på nokon måte å gje inntrykk av betre prestasjon. Verdiane og klassene som er offentleggjorde på etiketten eller i produktdatabladet, skal ikkje vere gunstigare for leverandøren enn dei verdiane som er oppførte i den tekniske dokumentasjonen.»

- b) I tredje leddet vert ordlyden «Når styresmaktene i medlemsstatane verifiserer» bytt ut med «Som eit ledd i styresmaktene i medlemsstatane si verifisering av».
- c) Nr. 7) skal lyde:
- «7) Styresmaktene i medlemsstatane skal gje styresmaktene i dei andre medlemsstatane og Kommisjonen alle relevante opplysningar straks etter at det i samsvar med nr. 3, nr. 6 eller andre leddet i dette vedlegget er teke avgjerd om at modellen ikkje oppfyller krava.»
- d) Tabell 8 skal lyde:

«Tabell 8

**Verifiseringstoleransar for målte parametar**

Parametar	Verifiseringstoleransar
Samla volum og avdelingsvolum	Den påviste verdien <sup>(a)</sup> skal ikkje liggje meir enn 3 % eller 1 liter under den oppgjevne verdien, alt etter kva som er høgast.
Innfrysingskapasitet	Den påviste verdien <sup>(a)</sup> skal ikkje liggje meir enn 10 % under den oppgjevne verdien.
<i>E<sub>32</sub></i>	Den påviste verdien <sup>(a)</sup> skal ikkje liggje meir enn 10 % over den oppgjevne verdien.
Årleg energiforbruk	Den påviste verdien <sup>(a)</sup> skal ikkje liggje meir enn 10 % over den oppgjevne verdien.
Innvendig fukt i venskap (%)	Den påviste verdien <sup>(a)</sup> skal ikkje avvike meir enn 10 % frå den oppgjevne verdien.
Utslepp av luftstøy	Den påviste verdien <sup>(a)</sup> skal ikkje liggje meir enn 2 dB(A) re 1 pW over den oppgjevne verdien.
Temperaturstigningstid	Den påviste verdien <sup>(a)</sup> skal ikkje liggje meir enn 15 % under den oppgjevne verdien.

<sup>(a)</sup> Dersom ytterlegare tre einingar vert prøvde, slik det er fastsett i nr. 4, er den påviste verdien det aritmetiske gjennomsnittet av dei verdiane som er påviste for desse tre ytterlegare einingane.»

## VEDLEGG V

I vedlegg I, II, IV, V, VI og IX til delegert forordning (EU) 2019/2017 vert det gjort følgjande endringar:

1) I vedlegg I skal nytt nr. 24 lyde:

«24) «oppgeivne verdiar» verdiane for dei framlagde, utrekna eller målte tekniske parametrane som leverandøren har opplyst om, i medhald av artikkel 3 nr. 3 i forordning (EU) 2017/1369 og i samsvar med artikkel 3 nr. 1 bokstav d) og vedlegg VI til denne forordninga, slik at styresmaktene i medlemsstatane kan verifisere at krava til samsvar er oppfylte.»

2) I vedlegg II skal overskrifta til tabell 1 lyde: «Energieffektivitetsklasser for hushaldsoppvaskmaskiner».

3) I vedlegg IV vert det gjort følgjande endringar:

a) Etter første leddet skal nytt ledd lyde:

«Dersom ein parameter er oppgjeven i medhald av artikkel 3 nr. 3 i forordning (EU) 2017/1369 og i samsvar med tabell 4 i vedlegg VI, skal leverandøren nytte denne oppgeivne verdien til utrekningane i dette vedlegget.»

b) Nr. 2, 3 og 4 skal lyde:

«2. VASKEEVNEINDEKS

Ved utrekninga av vaskeevneindeksen ( $I_C$ ) for ein hushaldsoppvaskmaskinmodell vert vaskeevna til eco-programmet jamført med vaskeevna til ei referanseoppvaskmaskin.

$I_C$  vert rekna ut på følgjande måte og avrunda til tre desimalar:

$$I_C = \exp(\ln I_C)$$

og

$$\ln I_C = (1/n) \times \sum_{i=1}^n \ln(C_{T,i}/C_{R,i})$$

der

$C_{T,i}$  er vaskeevna til eco-programmet på den hushaldsoppvaskmaskina som vert prøvd, i éi prøving (i), avrunda til tre desimalar.

$C_{R,i}$  er vaskeevna til referanseoppvaskmaskina i éi prøving (i), avrunda til tre desimalar.

n er talet på prøvingar.

3. TØRKEEVNEINDEKS

Ved utrekninga av tørkeevneindeksen ( $I_D$ ) for ein hushaldsoppvaskmaskinmodell vert tørkeevna til eco-programmet jamført med tørkeevna til ei referanseoppvaskmaskin.

$I_D$  vert rekna ut på følgjande måte og avrunda til tre desimalar:

$$I_D = \exp(\ln I_D)$$

og

$$\ln I_D = (1/n) \times \sum_{i=1}^n \ln(I_{D,i})$$

der

$I_{D,i}$  er tørkeevneindeksen for eco-programmet på den hushaldsoppvaskmaskina som vert prøvd, i éi prøving (i).

n er talet på prøvingar med kombinert vasking og tørking.

$I_{D,i}$  vert rekna ut på følgjande måte og avrunda til tre desimalar:

$$\ln I_{D,i} = \ln(D_{T,i}/D_{R,t})$$

der

$D_{T,i}$  er gjennomsnittleg tørkeevne til eco-programmet på den hushaldsoppvaskmaskina som vert prøvd, i éi prøving (i), avrunda til tre desimalar.

$D_{R,t}$  er målverdien for tørkeevna til referanseoppvaskmaskina, avrunda til tre desimalar.

## 4. LÅGEFFEKTTILSTANDAR

Der det er aktuelt, vert effektforbruket i avslått tilstand ( $P_o$ ), kviletilstand ( $P_{sm}$ ) og med utsett start ( $P_{ds}$ ) målt, uttrykt i W og avrunda til to desimalar.

Ved målinga av effektforbruket i lågeffekttilstandane skal følgjande kontrollerast og registrerast:

- Om det vert vist informasjon eller ikkje.
- Om ei nettverkstilkopling er aktivert eller ikkje.»

4) I vedlegg V skal tabell 3 lyde:

«Tabell 3

**Rekkjefølgje og format på innhaldet i produktdatabladet**

**Namnet eller varemerket til leverandøren<sup>(a)</sup> (c):**

**Adressa til leverandøren<sup>(a)</sup> (c):**

**Modellnemning<sup>(a)</sup>:**

**Generelle produktparametrar:**

Parameter	Verdi	Parameter	Verdi	
Nominell kapasitet <sup>(b)</sup> (ps)	x	Dimensjonar i cm <sup>(a)</sup> (c)	Høgde	x
			Breidd	x
			Djupn	x
EEI <sup>(b)</sup>	x,x	Energieffektivitetsklasse <sup>(b)</sup>	[A/B/C/D/E/F/G] <sup>(d)</sup>	
Vaskeevneindeks <sup>(b)</sup>	x,xxx	Tørkeevneindeks <sup>(b)</sup>	x,xxx	
Energiforbruk i kWh [per syklus] ved bruk av eco-programmet med kaldtvasstilkopling. Det faktiske energiforbruket er avhengig av korleis apparatet vert nytta.	x,xxx	Vassforbruk i liter [per syklus] ved bruk av eco-programmet. Det faktiske vassforbruket er avhengig av korleis apparatet vert nytta og kor hardt vatnet er.	x,x	
Programlengd <sup>(b)</sup> (t:min)	x:xx	Type	[Innbygd/frittstående]	
Utslepp av luftstøy <sup>(b)</sup> (dB(A) re 1 pW)	x	Klasse for utslepp av luftstøy <sup>(b)</sup>	[A/B/C/D] <sup>(d)</sup>	
Avslått tilstand (W) (dersom det er relevant)	x,xx	Kviletilstand (W) (dersom det er relevant)	x,xx	
Utsett start (W) (dersom det er relevant)	x,xx	Nettverkstilkopla kviletilstand (W) (dersom det er relevant)	x,xx	

**Minstelengd på garantien som leverandøren tilbyr<sup>(a)</sup> (c):**

**Ytterlegare informasjon<sup>(a)</sup> (c):**

Lenkje til nettstaden til leverandøren, som inneheld den informasjonen som er omtala i nr. 6 i vedlegg II til kommisjonsforordning (EU) 2019/2022<sup>(1)</sup>:

<sup>(a)</sup> Denne opplysninga skal ikkje reknast som relevant i samband med artikkel 2 nr. 6 i forordning (EU) 2017/1369.

<sup>(b)</sup> For eco-programmet.

<sup>(c)</sup> Endringar i denne opplysninga skal ikkje reknast som relevante i samband med artikkel 4 nr. 4 i forordning (EU) 2017/1369.

<sup>(d)</sup> Dersom produkt databasen automatisk genererer det endelege innhaldet i denne cella, skal leverandøren ikkje leggje inn slike data.

<sup>(1)</sup> Kommisjonsforordning (EU) 2019/2022 av 1. oktober 2019 om fastsettelse av krav til miljøvennlig utforming av husholdningsoppvaskmaskiner i samsvar med europaparlaments- og rådsdirektiv 2009/125/EF, om endring av kommisjonsforordning (EF) nr. 1275/2008, og om oppheving av kommisjonsforordning (EU) nr. 1016/2010 (TEU L 68 av 26.2.2021, s. 267).»

5) I vedlegg VI skal nr. 1 lyde:

«1. Den tekniske dokumentasjonen som er nemnd i artikkel 3 nr. 1 bokstav d), skal innehalde følgjande:

- a) Ei generell beskriving av modellen som gjer det mogleg å identifisere han på ein enkel og eintydig måte.
- b) Tilvisingar til dei harmoniserte standardane eller andre målestandardar som er nytta.
- c) Særlege førebyggjande tiltak som skal gjerast når modellen vert montert, installert, halden ved like eller prøvd.
- d) Verdiane for dei tekniske parametrane som er fastsette i tabell 4. Desse verdiane vert rekna som dei oppgjevne verdiane i samband med verifiseringsprosedyren i vedlegg IX.
- e) Dei nærmare opplysningane om og resultatata av utrekningar som er gjorde i samsvar med vedlegg IV.
- f) Prøvingstilhøve, dersom dette ikkje er tilstrekkeleg gjort greie for i bokstav b).
- g) Eventuelle tilsvarande modellar, medrekna modellnemningar.

Desse opplysningane skal òg utgjere dei obligatoriske spesifikke delane av den tekniske dokumentasjonen som leverandøren skal leggje inn i databasen, i medhald av artikkel 12 nr. 5 i forordning (EU) 2017/1369.

Tabell 4

**Tekniske parametrar for modellen og dei oppgjevne verdiane deira for hushaldsoppvaskmaskiner**

PARAMETER	OPPGJEVEN VERDI	EINING
Nominell kapasitet i kuvertar	X	-
Energiforbruk med eco-programmet (EPEC), avrunda til tre desimalar	X,XXX	kWh/syklus
Energiforbruk med standardprogrammet (SPEC), avrunda til tre desimalar	X,XXX	kWh/syklus
Energieffektivitetsindeks (EEI)	X,X	-
Vassforbruk med eco-programmet (EPWC), avrunda til éin desimal	X,X	l/syklus
Vaskeevneindeks (I <sub>c</sub> )	X,XXX	-
Tørkeevneindeks (I <sub>d</sub> )	X,XXX	-
Lengd på eco-programmet (T <sub>i</sub> ), avrunda til nærmaste minutt	X:XX	t:min



Effektforbruk i avslått tilstand ( $P_o$ ), avrunda til to desimalar (dersom det er relevant)	X,XX	W
Effektforbruk i kviletilstand ( $P_{sm}$ ), avrunda til to desimalar (dersom det er relevant)	X,XX	W
Vert det vist informasjon i kviletilstand?	Ja/nei	-
Effektforbruk i nettverkstilkopla kviletilstand ( $P_{sm}$ ) (dersom det er relevant), avrunda til to desimalar	X,XX	W
Effektforbruk med utsett start ( $P_{ds}$ ) (dersom det er relevant), avrunda til to desimalar	X,XX	W
Utslepp av luftstøy	X	dB(A) re 1 pW»

6) I vedlegg IX vert det gjort følgjande endringar:

a) Første leddet skal lyde:

«Dei verifiseringstoleransane som er definerte i dette vedlegget, gjeld berre for den verifiseringa av oppgjevne verdiar som styresmaktene i medlemsstatane utfører, og skal ikkje nyttast av leverandøren som ein tillaten toleranse ved fastsetjing av verdiane i den tekniske dokumentasjonen eller for å tolke desse verdiane med sikte på å oppnå samsvar, eller for på nokon måte å gje inntrykk av betre prestasjon. Verdiane og klassene som er offentleggjorde på etiketten eller i produktdatabladet, skal ikkje vere gunstigare for leverandøren enn dei verdiane som er oppførte i den tekniske dokumentasjonen.»

b) I tredje leddet vert ordlyden «Når styresmaktene i medlemsstatane verifiserer» bytt ut med «Som eit ledd i styresmaktene i medlemsstatane si verifisering av».

c) Nr. 7) skal lyde:

«Styresmaktene i medlemsstatane skal gje styresmaktene i dei andre medlemsstatane og Kommisjonen alle relevante opplysningar straks etter at det i samsvar med nr. 3, nr. 6 eller andre leddet i dette vedlegget er teke avgjerd om at modellen ikkje oppfyller krava.»

## VEDLEGG VI

I vedlegg I, III, IV, V, VI og IX til delegert forordning (EU) 2019/2018 vert det gjort følgjande endringar:

1) I vedlegg I skal nr. 18) lyde:

«18) «oppgeivne verdiar» verdiane for dei framlagde, utrekna eller målte tekniske parametrane som leverandøren har opplyst om, i medhald av artikkel 3 nr. 3 i forordning (EU) 2017/1369 og i samsvar med artikkel 3 nr. 1 bokstav d) og vedlegg VI til denne forordninga, slik at styresmaktene i medlemsstatane kan verifisere at krava til samsvar er oppfylte.»

2) I vedlegg IV vert det gjort følgjande endringar:

a) Etter første leddet skal nytt ledd lyde:

«Dersom ein parameter er oppgjeven i medhald av artikkel 3 nr. 3 i forordning (EU) 2017/1369 og i samsvar med tabell 11 i vedlegg VI, skal leverandøren nytte denne oppgeivne verdien til utrekningane i dette vedlegget.»

b) I tabell 4 del a) vert følgjande linjer sette inn:

«Vertikale og kombinerte kjøle-/frysenskap til daglegvarebutikkar	M0	$\leq + 4$	$\geq - 1$	Ikkje relevant	1,30
Horisontale kjøle-/frysenskap til daglegvarebutikkar	M0	$\leq + 4$	$\geq - 1$	Ikkje relevant	1,13»

c) Første merknaden i slutten av tabell 4 skal lyde:

«(\*) For salsautomatar med fleire temperaturar skal  $T_v$  vere gjennomsnittet av  $T_{v1}$  (høgste målte produkttemperatur i den varmaste avdelinga) og  $T_{v2}$  (høgste målte produkttemperatur i den kaldaste avdelinga), avrunda til éin desimal.»

d) I vedlegg V skal tabell 10 lyde:

«Tabell 10

**Produktdatablad**

Namnet eller varemerket til leverandøren<sup>(b)</sup> (e):

Adressa til leverandøren<sup>(b)</sup> (e):

Modellnemning<sup>(e)</sup>:

Bruk:

Utstilling og sal

Type kjøle-/fryseapparat til bruk ved direkte sal:

[Drikkekjølarar / iskremfrysarar / serveringsdiskar for iskrem / skap til daglegvarebutikkar / salsautomatar med kjølefunksjon]

Kode for gruppe kjøle-/frysenskap, ifølgje harmoniserte standardar eller andre pålitelege, nøyaktige og reproducerbare metodar i samsvar med vedlegg IV.

Til dømes: [HC1/.../HC8], [VC1/.../VC4]

**Produktspesifikke parametrar**

(Drikkekjølarar: fyll ut nr. 1, iskremfrysarar: fyll ut nr. 2, serveringsdisk for iskrem: fyll ut nr. 3, skap til daglegvarebutikkar: fyll ut nr. 4, salsautomatar med kjølefunksjon: fyll ut nr. 5. Dersom kjøle-/fryseapparat til bruk ved direkte sal inneheld avdelingar som fungerer ved ulike temperaturar, eller ei avdeling som kan ha ulike temperaturinnstillingar, skal det fyllast ut ei rad for kvar avdeling eller temperaturinnstilling):

**1. Drikkekjølalarar:**

Bruttovolum (dm <sup>3</sup> eller l)	Omgjevnadsvilkår som apparatet passar til (i samsvar med tabell 6)		
	Høgaste temperatur (°C)		Relativ fukt (%)
x	x	x	

**2. Iskremfrysarar med [gjennomsiktig lokk / ugjennomsiktig lokk]:**

Nettovolum (dm <sup>3</sup> eller l)	Omgjevnadsvilkår som apparatet passar til (i samsvar med tabell 8)			
	Temperaturområde (°C)		Intervall for relativ fukt (%)	
	Minimum	Maksimum	Minimum	Maksimum
x	x	x	x	x

**3. Serveringsdisk for iskrem**

Samla visingsområde (m <sup>2</sup> )	Temperaturklasse (i samsvar med tabell 4 bokstav b))
x,xx	[G1/G2/G3/L1/L2/L3/S]

**4. [Integrert/Frittstående] [horisontalt/vertikalt (bortsett frå halvvertikalt/kombinert)] skaptil daglegvarebutikkar, med tralle(r): [ja/nei]:**

Samla visingsområde (m <sup>2</sup> )	Temperaturklasse (i samsvar med tabell 4 bokstav a))
x,xx	[kjøleskap: [M2/H1/H2/M1]/frysar: [L1/L2/L3]]

**5. Salsautomatar med kjølefunksjon [der framsida er lukka og produkta stabla / kjøleapparat med glasfront [til boksar og flasker, søtsaker og snacksvarer, eller berre til næringsmiddel som ikkje er haldbare [fyll ut type næringsmiddel apparatet er meint for] / kombinerte apparat med ulike automatkategoriar i same kabinett og drivne av ein kjølekompressor [fyll ut type næringsmiddel som apparatet er meint for]]:**

Volum (dm <sup>3</sup> eller l)	Temperaturklasse (i samsvar med tabell 4 bokstav c))
x	kategori [1/2/3/4/6]

**Generelle produktparametrar:**

Parameter	Verdi	Parameter	Verdi
Årleg energiforbruk (kWh/a) <sup>(d)</sup>	x,xx	Tilrådd(e) temperatur(ar) for best mogleg oppbevaring av mat (°C) (Desse innstillingane skal ikkje vere i strid med temperaturvilkåra som er fastsette i tabell 4, 5 eller 6 i vedlegg IV, alt etter kva som høver.)	x
EEI	x,x	Energieffektivitetsklasse	[A/B/C/D/E/F/G] <sup>(e)</sup>

**Lyskjeldeparametrar<sup>(a)</sup> <sup>(b)</sup>:**

Type lyskjelde	[Lysgjevingsteknologi]
Energieffektivitetsklasse	[A/B/C/D/E/F/G]

**Minstelengd på garantien som leverandøren tilbyr<sup>(b)</sup> <sup>(e)</sup>:**

**Ytterlegare informasjon<sup>(b)</sup> (e):**

Lenkje til nettstaden til leverandøren, som inneheld den informasjonen som er omtala i nr. 3 i vedlegg II til kommisjonsforordning (EU) 2019/2024<sup>(1)</sup>:

- (a) Som fastsett i samsvar med delegert kommisjonsforordning (EU) 2019/2015<sup>(2)</sup>.  
 (b) Endringar i denne opplysninga skal ikkje reknast som relevante i samband med artikkel 4 nr. 4 i forordning (EU) 2017/1369.  
 (c) Dersom produkt databasen automatisk genererer det endelege innhaldet i denne cella, skal leverandøren ikkje leggje inn slike data.  
 (d) Dersom kjøle-/fryseapparatet til bruk ved direktesal inneheld ulike avdelingar som fungerer ved ulike temperaturar, skal det opplysast om det årlege energiforbruket til den integrerte eininga. Dersom det finst separate kjølesystem for kva einiskild avdeling i den same eininga, skal det òg opplysast om energiforbruket til kvart delsystem, der dette er mogleg.  
 (e) Denne opplysninga skal ikkje reknast som relevant i samband med artikkel 2 nr. 6 i forordning (EU) 2017/1369.

(1) Kommisjonsforordning (EU) 2019/2024 av 1. oktober 2019 om fastsettelse av krav til miljøvennlig utforming av kjøle-/fryseapparater til bruk ved direktesal i henhold til europaparlaments- og rådsdirektiv 2009/125/EF (TEU L 315 av 5.12.2019, s. 313.)

(2) Delegert kommisjonsforordning (EU) 2019/2015 av 11. mars 2019 om utfylling av europaparlaments- og rådsforordning (EU) 2017/1369 med omsyn til energimerking av lyskjelder og om oppheving av delegert kommisjonsforordning (EU) nr. 874/2012 (TEU L 68 av 26.2.2021, s. 68.)»

3) I vedlegg VI skal nr. 1 lyde:

«1. Den tekniske dokumentasjonen som er nemnd i artikkel 3 nr. 1 bokstav d), skal innehalde følgjande:

- a) Ei generell beskriving av modellen som gjer det mogleg å identifisere han på ein enkel og eintydig måte.
- b) Tilvisingar til dei harmoniserte standardane eller andre målestandardar som er nytta.
- c) Særlege førebyggjande tiltak som skal gjerast når modellen vert montert, installert, halden ved like eller prøvd.
- d) Verdiane for dei tekniske parametrane som er fastsette i tabell 11. Desse verdiane vert rekna som dei oppgjevne verdiane i samband med verifiseringsprosedyren i vedlegg IX.
- e) Dei nærmare opplysningane om og resultatata av utrekningar som er gjorde i samsvar med vedlegg IV.
- f) Prøvingstilhøve, dersom dette ikkje er tilstrekkeleg gjort greie for i bokstav b).
- g) Eventuelle tilsvarande modellar, medrekna modellnemningar.

Desse opplysningane skal òg utgjere dei obligatoriske spesifikke delane av den tekniske dokumentasjonen som leverandøren skal leggje inn i databasen, i medhald av artikkel 12 nr. 5 i forordning (EU) 2017/1369.

*Tabell 11*

**Tekniske parametar for modellen og dei oppgjevne verdiane deira for kjøle-/fryseapparat til bruk ved direktesal**

**Ei generell beskriving av kjøle-/fryseapparatmodellen til bruk ved direktesal som gjer det mogleg å identifisere han på ein enkel og eintydig måte:**

**Produktspesifikasjonar**

**Generelle produktspesifikasjonar:**

Parameter	Verdi	Parameter	Verdi
Årleg energiforbruk (kWh/a)	x,xx	Årleg standardenergiforbruk (kWh/a)	x,xx

Dagleg energiforbruk (kWh/24h)	x,xxx	Omgjevnadstilhøve	[Oppsett 1 / Oppsett 2]
M	x,x	N	x,xxx
Temperaturkoeffisient (C)	x,xx	Y	x,xx
P	x,xx	Måltemperatur (Tc) (°C)*	x,x
Klimaklassefaktor (CC)*	x,xx		

**Ytterlegare informasjon:**

Tilvising til dei harmoniserte standardane eller andre pålitelege, nøyaktige og reprodusebare metodar som er nytta:

Der det er relevant, namnet og underskrifta til den personen som har fullmakt til å gjere bindande avtaler på vegner av leverandøren:

Ei liste over tilsvarande modellar, medrekna modellnemningar:

\* Gjeld berre for drikkekjølarar og iskremfrysarar

**Ytterlegare produktspesifikasjonar for drikkekjølarar:**

Parameter	Verdi	
Bruttovolum (dm <sup>3</sup> eller l)	x	
Omgjevnadsvilkår som apparatet passar til (i samsvar med tabell 6)	Høgste temperatur (°C)	x
	Relativ fukt (%)	x

**Ytterlegare produktspesifikasjonar for iskremfrysarar med [gjennomsiktig løkk / ugjennomsiktig løkk]:**

Parameter	Verdi		
Nettovolum (dm <sup>3</sup> eller l)	x		
Omgjevnadsvilkår som apparatet passar til (i samsvar med tabell 8)	Temperaturområde (°C)	Minimum	x
		Maksimum	x
	Intervall for relativ fukt (%)	Minimum	x
		Maksimum	x

**Ytterlegare produktspesifikasjonar for serveringsdiskar for iskrem**

Parameter	Verdi
Samla visingsområde (m <sup>2</sup> )	x,xx
Temperaturklasse	XY

**Ytterlegare produktspesifikasjonar for skap til daglegvarebutikkar**

Parameter	Verdi
Samla visingsområde (m <sup>2</sup> )	x,xx
Temperaturklasse	XY

**Ytterlegare produktspesifikasjonar for salsautomatar med kjølefunksjon:**

Parameter	Verdi
Temperaturklasse	XY
Volum (dm <sup>3</sup> eller l)	x»

4) I vedlegg IX vert det gjort følgjande endringar:

a) Første leddet skal lyde:

«Dei verifiseringstoleransane som er definerte i dette vedlegget, gjeld berre for den verifiseringa av oppgjevne verdiar som styresmaktene i medlemsstatane utfører, og skal ikkje nyttast av leverandøren som ein tillaten toleranse ved fastsetjing av verdiane i den tekniske dokumentasjonen eller for å tolke desse verdiane med sikte på å oppnå samsvar, eller for på nokon måte å gje inntrykk av betre prestasjon. Verdiane og klassene som er offentleggjorde på etiketten eller i produktdatabladet, skal ikkje vere gunstigare for leverandøren enn dei verdiane som er oppførte i den tekniske dokumentasjonen.»

b) I tredje leddet vert ordlyden «Når styresmaktene i medlemsstatane verifiserer» bytt ut med «Som eit ledd i styresmaktene i medlemsstatane si verifisering av».

c) Nr. 7) skal lyde:

«7) Styresmaktene i medlemsstatane skal gje styresmaktene i dei andre medlemsstatane og Kommisjonen alle relevante opplysningar straks etter at det i samsvar med nr. 3, nr. 6 eller andre leddet i dette vedlegget er teke avgjerd om at modellen ikkje oppfyller krava.»